

Høyanger, 11.8.15

Nærings- og fiskeridepartementet**Høyringsvar om ISDS - frå Raudt Sogn og Fjordane**

Raudt Sogn og Fjordane vil påpeike at det ikkje ligg føre noka konsekvensutgreiing om korleis denne modellen vil verke inn på det norske samfunnet. At ei så viktig sak ikkje er betre gjennomarbeidd og vurdert før den sendast på høyring, er i seg sjølv urovekkande, og det er grunnlag for å avvise på dette grunnlaget åleine. Det er mange svært uheldige utfall for demokratisk fatta vedtak rundt i verda, og fleire land går no ut med klar melding om at det er eit mål for dei å kvitte seg med alle BITs pga måten dette undergreiv demokratiet på. Regjeringa har korkje i høyringa (eller i den manglande konsekvensutgreiinga) gjort greie for korleis forslaget tar omsyn til denne problemstillinga.

Dei internasjonale erfaringane frå tvisteløysingar i BITs, gir endå ein grunn til å gå imot at Noreg skal knytte seg til slike modeller for investeringsavtalar. Vi ser fleire gode eksempel der handelsavtalar sine tvisteløysningsmekanismar blir brukt aktivt av multinasjonal kapital for å endre demokratisk fatta vedtak. Slike eksempel er det mange av: Egypt blei saksøkt for å ville auke minstelønna, Uruguay for å ville merke tobakkspakkar og Romania blir saksøkt for ikkje å opne for gruvedrift i landet. Gjennomgåande blir ISDS, ICSDS og andre tvisteløysingsmekanismar kapitalen sitt brekkjarn mot statar sin råderett over eigen politikk. Dette kan ikkje Raudt Sogn og Fjordane godta.

Høyringsforslaget vil overføre makt over framtidige reguleringar, lovforslag og forskrifter i Noreg frå folkevalde til private investorar. Raudt Sogn og Fjordane aksepterer ikkje ei slik overføring av makt til lukka styrerom. Som ein oppklarande opplysning, er Raudt Sogn og Fjordane klar over at det til einkvar tid sittande Storting på papiret har like store moglegheiter til å fatte lover og reguleringar uansett, men med tvisteløysings-mekanismene i BITs, blir dette berre eit skinndemokrati. Det er ikkje fritt fram for å endre arbeids-, miljø- og helsereglar i Noreg når desse til einkvar tid kan førast inn for tribunalet i tvisteløysingsordninga. Dermed kan Noreg bli idømt å betale enorme erstatningar til multinasjonale selskap ved for eksempel vedtak om forbod mot gruvedrift i Førdefjorden, renasjonalisering av vasskraft, avløpstenester, avgjerder om at dagens oljereservar blir liggande i havet og liknande. Vi er også mot slike investeringsavtaler fordi det er all grunn til å frykte for norske lønns- og arbeidsforhold og allmenngjeringsinstituttet under det regimet som slike handelsavtalar legg opp til.

Ein annan grunn til å avvise Noreg sin tilknytning til ein slik modell, er at den er berre ein del av heilskapen. Sjølv om denne delen som høyringa omfattar innsnevrar Noreg sin råderett og gir utanlandsk kapital maktmidlar overfor norske demokratiske avgjerder, så ligg resten av angrepet på det norske demokratiet i sjølve den individuelle avtaleteksten. I TISA-teksten

Raudt Sogn og Fjordane

Boks 171

6991 HØYANGER

<http://roedt.no/sogn-og-fjordane/nyheter/>

Leiaren sin heimetlf.: 57 71 25 90

Leiaren sin mobiltlf.: 464 77 723

E.post:

inkan@online.no

Blogg:

som ble lekka av Wikileaks går det klart frem at reguleringar skal gjerast etter intensjonen i avtalen. Her blir tvisteløysingsmekanismen multinasjonale selskap sitt maktmiddel mot demokratiet, og ei slik overgiving av landet sin råderett avviser Raudt Sogn og Fjordane på det sterkaste.

Eit vidare problem med modellen som blir føreslått, er at det er ingen moglegheit for anke og heller ingen ordinær og fast "domstol" som skal behandle tvistane. Dermed blir avgjerdene tilfeldige ut frå kva for advokatar som til ein kvar tid sit i tribunalet. Vidare er disse tribunala sitt arbeid og dommane hemmelege om ikkje partane sjølve vel å offentleggjere dei. Dermed blir råderetten over nasjonal politikk ikkje berre tatt vekk frå nasjonale domstolar ved tvist, den blir i stor grad også unntatt offentlegheita.

Raudt Sogn og Fjordane har registrert at det er enkelte store advokatfirma som spesialiserer seg på nettopp å hjelpe selskap i slike tvistesaker, og det har vokse fram ein industri som har som mål å vinne slike saker, dvs at det er butikk å leite etter saker å saksøke statar på. Dette er berre endå eit utslag av ein globalisert marknadsliberalisme som berre har eitt mål: Profitt for dei multinasjonale selskapa på kostnad av demokratiske vedtak! Raudt Sogn og Fjordane ser på dette som totalt forkasteleg.

Raudt Sogn og Fjordane stiller seg også solidarisk med dei andre landa som kan bli ramma av norsk storkapital sin bruk av slike tvisteløysingar. Vi aksepterer ikkje at land som er dårlegare stilt enn oss, skal bli truga med søksmål av norske selskap slik vi har sett Telenor gjere med India.

Konklusjonen til Raudt Sogn og Fjordane er at vi stiller oss totalt avvisande til ei slik løysing som regjeringa sitt forslag legg opp til. Einkvar tvisteløysingsmekanisme etter denne malen, blir kapitalen sitt verktøy for å undergrave arbeidsfolk sine rettar i dei landa som avtalen omfattar. Det skal aldri vere slik at kapitalsterke multinasjonale selskap kan bruke trussel om økonomiske søksmål for å stoppe demokratisk fatta vedtak. Det er dessverre det desse avtalane legg opp til, og det er Raudt Sogn og Fjordane motstandar av. Raudt Sogn og Fjordane oppfordrar samtidig regjeringa til å skrinlegge heile ideen og følgje Indonesia og Sør-Afrika i målsettinga om å kvitte seg med alle BITs og viser også til Australia som ikkje vil knytte seg til fleire BITs på grunn av dårlege erfaringar med desse.

Samtidig oppfordrar Raudt Sogn og Fjordane Stortinget til å trekke seg ut av forhandlingane om TISA.

Med helsing

RAUDT SOGN OG FJORDANE

Ingunn Kandal

Ingunn Kandal

leiar